



Stevnebø Trelast A/S

5937 BØVÅGEN

GNR. 99, BNR. 50 – YSTEBØ – SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK – OPPFØRING AV TILBYGG OG PÅBYGG, SAMT TERRASSE PÅ FRITIDSBUSTAD.**Tiltakshavar:** Atle Rasmussen.**Dokument i saka:**

1. Søknad om enkle tiltak med vedlegg, datert 07.01.2002, motteke 10.01.2002.
2. Tilleggsdokumentasjon til saka, datert 18.01.2002, motteke 21.01.2002.

Saksutgreiing:

Oppføring av tilbygg med bruttoareal på ca. 11 m², og påbygg med bruttoareal på ca. 8 m² på fritidsbustaden, samt oppføring av terrasse med bebygd areal på ca. 27 m², slik at totalt bebygd areal på fritidsbustaden no vert ca. 110 m².

Eigedommen ligg i uregulert område i det som i kommuneplanen er definert som område for eksisterande fritidsbustad. Etter kommunen sin vurdering er tiltaka i tråd med kommuneplanen. Det foregår for tida arbeid med regulering av dette området, men det omsøkte tiltaket vil i dette tilfellet ikkje vanskeleggjere arbeidet med reguleringsplanen.

Da søknaden om enkle tiltak ikkje tilfredsstillar dei krav som vert stilt til ein slik søknad etter plan- og bygningslova (pbl.) § 95 b, vert den gjort om til søknad om løyve til tiltak etter pbl. §§ 93 og 94. Denne avgjersla kan ikkje påklagast, jf. pbl. § 95 b. Sakshandsamingstida på 4 veker fell dermed bort.

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, jf. vedtak i kommunestyret den 07.03.2002, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 29.11.2001, godkjenner kommunen dei omsøkte tiltaka på fritidsbustaden i medhald av plan- og bygningslovas §§ 70, 74 og 93 på følgjande vilkår:

1. Eigar av gnr. 99, bnr. 47 må gis nabovarsel og gjenpart av nabovarsel må sendast inn. Dette har kommunen teke opp med tiltakshavar per telefon den 12.03.2002. Dersom det vert motteke merknader må saka handsamast på nytt. Blankettar som kan nyttast er vedlagt til tiltakshavar.
2. Før det kan verte gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest på dette tiltaket, må det sendast inn planteikning av loftsplanet og evt. reviderte teikningar dersom det vert gjort endringar i forhold til dei andre innsendte teikningane.
3. Før oppføring/montering av pipe og eldstad vert utført må det verte søkt om ansvarsrett og evt. lokal godkjenning for desse arbeida.
4. Mottekne kontrollplanar for prosjektering og utføring vert godkjende.
5. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av søknaden:

C.3.5.2.1	Rammeløyve, oppføring av tilbygg/påbygg, tiltakskl. 1 (÷ 50 %):	Kr.	650,-.
C.3.3.B	Ansvarsrett, sentralt godkjent føretak:	Kr.	105,-.
C1.4.A	Kart FKB-C (50 %)	Kr.	50,-.
	SUM	Kr.	805,-.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.



6. Radøy kommune gjev **Stevnebø Trelast AS** (sentralt godkjent føretak) ansvarsrett i godkjenningsområda SØK/SAM 040.1, PRO/KPR 110.1 og UTF/KUT 040.2 (Unnateke arbeida med pipe og eldstad. Det vert gjort merksam på at ansvarsrett for desse arbeida må vere ordna i god tid før 3-årsfristen for byggjeløyvet går ut, jf. pbl. § 96.).

Når punkt 1 er ordna, merknader ikkje motteke, gebyr er betalt og kvittering for betalt gebyr er motteke av kommunen kan arbeida setjast i gang.

Det omsøkte tiltaket sin plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.


Ingen delar av tiltaka må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.


Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Manger 15.03.2002.


Asbjørn Brandtun
Planleiar


Øystein Rambjørg
Avdelingsingeniør

Sakshandsamars telefon: 56 34 90 52

Kopi til:
Atle Rasmussen, Landåsveien 6, 5096 Bergen

NB!! Kommunen har hausten 2001 fått ny postadresse: Krossvegen 8, 5936 Manger